

## **Tabell 2-fk**

### **Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2022 (kap. 572, post 60)**

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at saker med særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 13 i tabell C-fk). Deretter blir rammetilskotet fordelt om mellom fylkeskommunane gjennom utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og overgangsordninga.

Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2023. Utgiftsutjamninga og skatteutjamninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2022 er viste i innleiinga og er omtalt nærmere i Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamninga, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2021. Skatteutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2022.

#### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling**

Kolonne 1 viser løyinga på kap. 572, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løvinga på kap. 572, post 60 er i alt 38,990 mrd. kroner. Av dette blir om lag 4,6 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar 1. juli 2021 til alle fylkeskommunane. For 2022 er innbyggjartilskotet før omfordeling 6 372 kroner per innbyggjar (ekskl. saker med særskild fordeling i tabell C).

#### **Kolonne 2 – Utgiftsutjamning**

Kolonne 2 viser omfordelinga i utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærmere i tabell A-flk.

#### **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling**

Kolonne 3 viser summen av dei 12 sakene med særskild fordeling i 2022. Fordelinga som kjem fram i kolonnen er nærmere dokumentert i tabell C-flk.

#### **Kolonne 4 – Overgangsordning**

Kolonne 4 viser overgangsordninga. Fylkeskommunar som får redusert rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet i 2020, får att 1/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022. Fylkeskommunar som får auka rammetilskot etter endringane, får ei tilsvarende trekk på 1/4 i 2022.

Vidare blir tre nye saker fasa inn gjennom to år: Den nye delkostnadsnøkkelen for båt og ferje, den nye modellen for å beregne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg, og innlemminga av midlar til vegadministrasjon i innbyggjartilskotet med ein fordeling etter vedlikehaldsbehov fylkesveg. Fylkeskommunar som får redusert rammetilskot som følgje av desse endringane, får att 1/2 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022. Fylkeskommunar som får auka rammetilskot etter endringane, får redusert auken med 1/2 i 2022.

Frå 2023 vil nytt inntektssystem frå 2020 få full effekt. Fordelingsverknaden av dei tre nye sakene i overgangsordninga i 2022 vil òg vere fasa inn i 2023.

Sjå tabell B-fk for nærmere dokumentasjon av overgangsordninga.

#### **Kolonne 5 – Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning**

Kolonne 5 viser samla løying på kap. 572, post 60 i 2021, i alt 38,990 mrd. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, sakene med særskild fordeling og overgangsordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 4. Kolonnen er òg vist i tabell 1-fk, kolonne 1.